

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>	<b>Saksbeh.</b>
Utval for teknisk sektor	29.06.2009	065/09	PJR

Saksbeh  
Per Jan Ryland

Arkivsaknr  
05/40- 86

Arkiv  
K1-142

## **RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 20-5, 2 ledd vert framlegg til kommunedelplan for Bulandet og Værlandet utarbeidd til møte 26.05.09 lagt ut til offentlig ettersyn med følgjande korrigeringar:

- Setning side 11, ”Melding tek ikkje spesielt føre seg nyare tids kulturminne og problemstillingar, eller behov for kartlegging som er særskilt knytt til desse.” vert strøken.
- Plankart. Korrigering av strandsone på Landøyna - trakt 30-40 m vest på søre del av Landøyna.

### **29.06.2009 UTVAL FOR TEKNISK SEKTOR**

Røysting: Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **UTS-065/09 VEDTAK:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 20-5, 2 ledd vert framlegg til kommunedelplan for Bulandet og Værlandet utarbeidd til møte 26.05.09 lagt ut til offentlig ettersyn med følgjande korrigeringar:

- Setning side 11, ”Melding tek ikkje spesielt føre seg nyare tids kulturminne og problemstillingar, eller behov for kartlegging som er særskilt knytt til desse.” vert strøken.
- Plankart. Korrigering av strandsone på Landøyna - trakt 30-40 m vest på søre del av Landøyna.

**SAKSDOKUMENT:**

Referat dat. 26.05.09

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
2	I	28.01.2005	Herland grendelag	JUSTERINGAR AV DELPLANEN FOR HERLAND
3	I	31.10.2005	Askvoll småbåtlag	SMÅBÅTHAMN I ASKVOLL
4	U	07.11.2005	Askvoll småbåtlag	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN. NY SMÅBÅTHAMN I ASKVOLL
6	U	10.03.2006	47 mottakere...	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM.
7	U	10.03.2006	Firda; Firdaposten	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM. ANNONSE.
8	I	20.03.2006	Arve Kaland	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN
9	I	28.03.2006	Statens vegvesen	RULLERING AV KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL - OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM
10	I	03.04.2006	Bergvesenet	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN - VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM
11	I	03.04.2006	Region Vest Fiskeridirektoratet	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN, HØYRING OM PLANPROGRAMMET
12	I	26.04.2006	Atle og Liv Lien	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN
14	I	28.04.2006	Kystverket Vest	VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM
13	I	28.04.2006	Bjørgvin bispedømme	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM
15	I	02.05.2006	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	VARSEL OM OPPSTART AV RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN OG HØYRING AV PLANPROGRAM
17	I	24.05.2006	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	INNSPEL FRÅ REGIONALAVDELINGA

16	I	29.05.2006	Eldrerådet	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN - MERKAND
19	I	05.06.2006	Askvoll idrettsråd	SAK 07/06 - RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEDELPLANEN
20	I	25.06.2006	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	MØTEREFERAT PLANFORUM 16.05.06
21	I	07.07.2006	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	REVISJON AV AREALDELEN I KOMMUNEPLANEN - PLANPROGRAM
22	I	25.10.2006	Askvoll Vel	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN
23	I	17.01.2007	Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN - FORHOLDET TIL MARINE KULTURMINNER
24	I	14.04.2007	Audun Løkeland	INNSPEL TIL RULLERING AV ASKVOLL KOMMUNEPLAN SIN AREALDEL
25	I	31.05.2007	Nordplan AS	RULLERING AV KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET/VÆRLANDET - AREALDELEN
27	I	13.09.2007	Sivilingeniør Edvin Helle AS	RULLERING AV KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET/VÆRLANDET
29	U	20.12.2007	Sivilingeniør Edvin Helle AS; Nordplan AS avd. Ålesund v/Oddhild Fausa	RULLERING AV KOMMUNEPLANEN BULANDET/VÆRLANDET - INNHENTING AV TILBOD
30	I	10.01.2008	Nordplan as - avd. Ålesund	TILBOD 10.01.08
31	I	13.01.2008	Sivilingeniør Edvin Helle AS	TILBOD
32	U	19.02.2008	Nordplan as - avd. Ålesund; Sivilingeniør Edvin Helle AS	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN - VAL AV TILBOD.
34	I	18.03.2008	Norconsult	OPPSTARTMØTE OG SYNFARING
35	I	18.03.2008	Sivilingeniør Edvin Helle	TILBOD PLANPROGRAM OG STRANDSONEANALYSE
38	I	11.04.2008	Norconsult AS	FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM.
42	I	16.04.2008	Norconsult AS	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET - VÆRLANDET - FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM
39	I	18.04.2008	Sivilingeniør Edvin Helle AS	AVTALEDOKUMENT - KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET/VÆRLANDET
40	U	22.04.2008	Firda; Firdaposten	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV

41	U	22.04.2008	38 mottakere...	PLANPROGRAM. ANNONSE. KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM.
49	I	22.04.2008	Norconsult AS	PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN
46	I	24.04.2008	Mona Falkenstein og Andre Grov Kato Grønfur	VEDRØRANDE KOMMUNEPLAN - HYTTEOMRÅDE
43	U	28.04.2008	Sivilingeniør Edvin Helle AS	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN - AVTALEDOKUMENT
44	I	28.04.2008	Naustdal kommune	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET
45	I	28.04.2008	Vestavind Kraft AS	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET
47	I	04.05.2008	Telenor - servicesenter for nettutbygging	BEKREFTELSE PÅ MOTTATT KOMMUNEDELPLAN
48	I	05.05.2008	Kystverket Vest	VEDRØRANDE VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM - KOMMUNEDELPLAN - BULANDET OG VÆRLANDET
51	I	16.05.2008	Bergvesenet	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET - VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID - HØYRING AV PLANPROGRAM
50	I	17.05.2008	Audun Løkeland	HYTTEFELT PÅ AVLØP, GNR56/14, MOGLEG INNLEMMING I KOMANDE AREALPLAN FOR ASKVOLL
52	U	20.05.2008	Firda	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN
53	U	20.05.2008	Nikøy AS; Værlandet Handel AS	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET - FOLKEMØTE
54	I	21.05.2008	Per Vidar Nybø	INNSPEL I SAMBAND MED NY AREALPLAN FOR ASKVOLL KOMMUNE
55	I	24.05.2008	Statens vegvesen region vest	FRÅSEGN TIL KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM
56	I	26.05.2008	Vestnorsk havbrukslag	VEDKJEM KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. OPPSTART AV

57	I	29.05.2008	Region Vest Fiskeridirektoratet	PLANARBEID KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. VARSLE OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM. UTTALE
68	I	29.05.2008	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET - VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM
60	I	01.06.2008	MHF Askvoll/Rørvik lag	MERKNAD TIL KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET
61	I	03.06.2008	Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum	VEDR. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM - KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET - FORHOLDET TIL MARINE KULTURMINNE
58	I	03.06.2008	Sogn og Fjordane Turlag	HØYRINGSFRÅSEGN - KOMMUNEPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. HØYRING AV PLANPROGRAM
59	I	03.06.2008	Arve H. Norstrand	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET - BRUKSENDRING AV EKSISTERANDE SJØBUER
70	I	04.06.2008	Einar Magne Hillersøy	KOMMUNEPLAN FOR AREALBRUKEN I BULANDET OG VÆRLANDET- GNR. 68, BNR. 1
67	I	05.06.2008	Anne Britt Sandøy	INNSPEL KOMMUNEDELPLAN VÆRLANDET/BULANDET - GNR. 69, BNR. 15
65	I	05.06.2008	Brimmen Quarry AS	UTTALE I SAMBAND MED KOMMUNEDELPLAN FOR VÆRLANDET - BULANDET
62	I	05.06.2008	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	FRÅSEGN TIL VARSLA OPPSTART AV KOMMUNEDELPLAN OG HØYRING AV PLANPROGRAM FOR BULANDET OG VÆRLANDET
63	I	08.06.2008	Arin Morten Kjempenes	MERKNADER BJØRNØYANE - KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET
64	I	08.06.2008	Målfrid Hittun Fedøy	AREALPLAN PÅ VÆRLANDET- GNR. 60, BNR. 176
66	I	08.06.2008	Anne Britt Sandøy	INNSPEL KOMMUNEDELPLAN

				VÆRLANDET/BULANDET - GNR. 60, BNR. 28
69	I	09.06.2008	Bulandet Grendalag	INNSPEL TIL KOMMUNEDELPLAN BULANDET - VÆRLANDET
74	I	13.06.2008	Per Vidar Nybø	INNSPEL I SAMBAND MED KOMMUNEPLANEN - VÆRLANDET
72	I	15.06.2008	Askvoll idrettsråd	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET - VÆRLANDET - HØYRING FRÅ ASKVOLL IDRETTSRÅD
71	I	16.06.2008	Folkemøte på Værlandet	KOMMUNEDELPLANEN - INNSPEL FRÅ VÆRLANDET
75	I	03.07.2008	Asta og Knut Landøy	AREALPLAN VÆRLANDET - YNSKJE OM FRAMTIDIG AREALDISPONERING
76	I	09.07.2008	Plan- og miljøvernleiar	FASTSETT PLANPROGRAM
77	U	10.07.2008	37 mottakere...	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. FASTSETT PLANPROGRAM.
78	U	10.07.2008	Vestavind Kraft AS; Kato Grønfur m.fl.; Per Vidar Nybø; Arve H. Norstrand; Arin Morten Kjempenes; Målfrid Hittun Fedøy; Brimmen Quarry AS; Anne Britt Sandøy; Einar Magne Hillersøy; Asta og Knut Landøy	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. FASTSETT PLANPROGRAM.
80	I	29.07.2008	Bergvesenet	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET - MANGLANDE FØRELEGGING AV PLANPROGRAM
79	I	05.08.2008	Forsvarsbygg	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET - FRÅSEGN
81	I	14.08.2008	Askvoll sokneråd	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET - VÆRLANDET - INNSPEL TIL AREALBRUK
82	I	04.09.2008	Forsvarsbygg	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET IHT FORSVARET SI INTERESSE
83	I	12.09.2008	Gunveig Hillersøy	UTLEGGING AV HYTTEFELT PÅ DELER AV GNR. 60, BNR. 15 PÅ VÆRLANDET
84	I	12.09.2008	Einar Magne Hillersøy	PROTEST MOT FORSLAG TIL AVSETTING AV LNF-OMRÅDE - GNR. 68, BNR. 1

– Planforum (foreløpig referat) – prenta.  
Referat frå møte med Fylkesmannen si kulturavdeling 04.06.09 - prenta.  
E-post dat. 16.06.09 frå Fylkesmannen si miljøvern avdeling - prenta.  
Oversikt merknader og innspel – Bulandet – Værlandet (prenta).  
Kommunedelplan for Bulandet – Værlandet (drøftingsgrunnlag til møte 26.05.09) – prenta.  
Kommunedelplan for Bulandet – Værlandet. Legg ved kart.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

Plan- og bygningslova § 20-5.

**Kva saka gjeld:**

Kommunedelplan for Bulandet – Værlandet.

**Saksutgreiing:**

Kommunestyret vedtok planprogram for kommunedelplan Bulandet – Værlandet i K-sak 70/08. Hovudspørsmåla i arbeidet har vore relatert til å sikre/styrke busetnaden, næringsutvikling og avklare vidare reisemålsutvikling/hyttebygging. Planprogrammet viser vidare til rammer for planarbeidet, korleis arbeidet skal organiserast, slutthandsaming av arbeidet med planvedtak i tillegg til framdriftsplan. Her framgår det at planframlegg for kommunedelplan Bulandet – Værlandet skal leggest ut til offentleg ettersyn i 6 veker. I samband med offentleg ettersyn vil planframlegget bli presentert i ope folkemøte.

Ved oppstart av planarbeidet vart det gjennomført folkemøter i mai 2008.  
Planprogram vart låg ute i samme tidsrom og vart vedteke av kommunestyret 02.07.08.  
Det kom inn merknader knytt til arbeidet til og med 15.08.08.

Utval for teknisk sektor har vore styringsgruppe til planarbeidet og har arbeidd med prosjektet frå mars 2008 til no. Styringsgruppa har trakt opp politiske avklaringar, gjennomført fleire synfaringar i planområdet for å kunne gjere bestemmelsar knytt til merknadene som kom inn til planarbeidet.

Styringsgruppa har gjort vurderingar av innspel og teke ulike val - eksempel:

- Djupvasskai i område ved indre Melværsundet kan vere aktuelt ved seinare.
- Andre område som er foreslått til fritidsbustad har vore vurdert, men er tenkt teke i bruk ved seinare revisjon, men ut frå ei totalvurdering lagt på vent. Styringsgruppa ser eksempelvis område til gbnr. 60/13 (nordre del på Værlandet) som eit slikt framtidig hyttefelt.
- Kvaten i Bulandet var vurdert som bustadområde, men vart trakt ut og lagt på vent.

I drøftingsgrunnlag til planforum 26.05.09 er formålet til planarbeidet er definert slik:

- *Sikre busetnad.*
- *Klargjere grensene mellom utbyggingsområda og anna areal.*
- *Legg til rette for ei differensiert forvaltning av strandsona i område med busetnad.*
- *Innarbeide strategi for å handtering av "oppdukkande" prosjekt.*

Drøftingsgrunnlaget er grundig og har utdjuping av fleire tema:

- Nasjonale- og regionale mål og retningslinjer med meir som viser rammer for arbeidet.
- Gjennomgang av type landskap, naturressurs, kulturminne, utbyggingsmønster, friluftsliv etc. for å vise dagens situasjon innanfor planområdet.
- Arealbruk knytt til næring, bustad, reiseliv og friluftsliv, sjø, eldre bygg og bygningsmiljø m.m.
- Utviklingsområde – Værlandet vest.
- Planstrategi for oppdukkande prosjekt (nærings- og fritidsareal).
- Konsekvensvurdering av utbyggingsmønster, naturverdier, kulturverdier, friluftsverdier, helse etc. Nokre av tema er sett opp med moglege avbøtande tiltak.
- Samfunnsikkerhet er vurdert ut frå fareidentifikasjon med gjennomgang av aktuelle tema/ROS-sjekkliste frå SIGVE-rapporten. Innanfor planområdet er det gjort vurdering av stormflo, sterk vind , skipsfart, bruer etc.

Det er utarbeidd planføresegner for å styre utviklinga i ønska retning samt retningslinjer som viser hensyn som må ivaretakast med utforming og plassering av bygningar, funksjonell strandsone, infrastruktur etc.

Planforum vart gjennomført 26.05.09. Det vart fremja ønskje om å få tilbakemeldingar innan 15.06.09 for å kunne ha høve til revidere materiale dersom dette var nødvendig. Referat frå møte ligg vedlagt.

Følgjande område var sett spesielt på:

- Kleivavågen (fritidsbustader).
- Nordenessundet (fritidsbustader).
- Søre Gjøry (bustad, industri, hamn).
- Fedøy (bustader).
- Taska (bustader).
- Vardøy (fritidsbustader).
- Melvær (bustader).
- Fritidsbustadområde ved Landøy.

Kommunen gav innføring i arbeidet og viste til at det hadde vore avgjerande å finne gode løysingar innanfor rammene av nasjonal politikk som samtidig gjere det mogleg å legge til rette for busetnad og næringsutvikling. Planen vart presentert av Norconsult AS v/Johannes-Henrik Myrmel der det var gjeve utfyllande kommentarer til diskusjonsutkastet som var utsendt til møtedeltakarane på førehand.

I sluttdelen var det gjeve tilbakemeldingar frå deltakarane. Kommunen og konsulent fekk tilbakemeldingar frå deltakarane at materiale som vart presentert var grundig og godt gjennomført. For meir detaljer vert det vist til vedlagt referat. For å klare å få til handsaming 29.06.09, ønskte kommunen å få tilbakemeldingar innan 15.06.09.

Sidan Fylkeskommunen sin kulturavdeling ikkje kunne møte vart det gjennomført eige møte 04.06.09. Referat frå møte ligg vedlagt. Konklusjonen frå møtet var slik:

*Det var semje om å finne løysingar som sikrar samhandling mellom fylkeskommunen og kommunen slik at lov om kulturminne § 9 vert ivareteken innanfor område B1-13 og BE1-10.*

Askvoll kommune har motteke ei tilbakemelding til 15.06.09 frå fylkesmannen sin miljøvernavdeling (e-post dat. 15.06.09 - ligg vedlagt).

*Kommunen ba om ei førebels tilbakemelding etter møtet i planforum, før handsaming i kommunen (innan 15.06.09). Med bakgrunn i reiseaktivitet og redusert bemanning, har vi diverre ikkje hatt høve til å gå særleg djupt inn i planutkastet no på dette stadiet, og gir såleis berre ei kort tilbakemelding vedr. eit par tilhøve.*

*Vi kan så langt ikkje sjå at dei nye, større hytteområda vil vera i direkte konflikt med raudlista eller sårbare artar av rovfugl. Vi vil måtte vurdere nærare byggjeområde med tanke på m.a. den raudlista kystblåstjerna m.v., når planen kjem på offentleg høyring.*

*I konsekvensutgreiinga vert det vist til at utbyggingsområda og LNF-områda for spreidd bygging omfattar strandlinja. For t.d. Bulandet sin del vert det vist til at utbygging kan påverka bruksmulegheitene, området sin attraktivitet, landskapet sin indentitetsskapande betydning og mulegheitene til friluftsliv, dersom desse tilhøva ikkje vert tekne særskilt omsyn til ved utbygging.*

*Avbøtande tiltak er krav om reguleringsplan, både i noverande og framtidige byggjeområde, der utvikling vert sett saman med m.a. omsynet til kvalitetar, overordna strukturarar og tilgjenge til sjø. Utan å ha fått gått grundig inn i utkastet til plan og føresegner, vil vi her understreka at det er viktig at omsynet til sjølve strandkanten (særleg med tanke på landskap, naturmiljø og friluftsliv) og byggjeskikk/bygningsmiljøet vert ivareteke, også når eit tiltak ikkje utløyser krav om reguleringsplan (oppføring/utviding bustadhus utan reguleringsplan). Det er viktig i størst mogleg grad å unngå tunge inngrep (som t.d. sprenging/utfylling) i nærsona /strandkanten/i sjøen. Dette bør innarbeidast i føresegnene som føring for reguleringsplan og for oppføring/utviding av bustad utan reguleringsplan.*

*For bruksendring for driftsbygg/sjøhus/naust er det, slik vi forstår det, lagt til grunn at utviding og vesentleg fasadeendring føreset reguleringsplan. Innanfor område avsett til bebyggelse er det forbod mot oppføring av fritidsbygg. Det er viktig at det ved eventuell bruksendring av driftsbygg/sjøhus/naust vert nytta reguleringsføre mål som t.d. turistanlegg/reiselivsbygg (eventuelt spesialområde utleige), slik at ein unngår ei eventuell uheldig utvikling der næringsverksemd seinare vert omgjort til private fritidsbustader.*

*Vi viser elles til referatet frå møtet i planforum 26.05.09, og vil komma med ei nærare gjennomgang og vurderingar i vår fråsegn i samband med offentleg høyring.*

## Vurdering:

Drøftingsgrunnlag og tilbakemelding frå fylkesmannen sin miljøvernavdeling er vurdert slik:

### Avsnitt 2.

Her tar FM atterhald i forhold til å kome med merknader.

### Avsnitt 3

Spørsmålet om lokaliseringskriterium har vore drøfta tidlegare i styringsgruppa. Spørsmålet er slik sett å sjå på som avklart frå styringsgruppa si side. Der ligg føringar i forhold til lokalisering gjennom retningslinene til planen. Retningslinene gjer ikkje grunnlag for vedtak, men er eit viktig utgangspunkt for vurdering av søknader/saker.

### Avsnitt 4

Bruksendring av sjøhus, naust, mv.. I planføresegnene er det lagt inn forbod mot oppføring av fritidsbygg. Bruksendring av sjøhus til fritidsbygg - krev enten dispensasjon eller planhandsaming. Det er difor ikkje grunnlag for å krevje plan. Styring etter kommunedelplanen er like god som å krevje plan.

Administrasjonen foreslår følgjande endringar:

- Utkast til kommunedelplan for Bulandet-Værlandet til møte 26.05.09 vert endra slik: Setning side 11 ”Melding tek ikkje spesielt føre seg nyare tids kulturminne og problemstillingar, eller behov for kartlegging som er særskilt knytt til desse.” vert strøken.
- Plankart vert korrigert slik. Korrigering av strandsone på Landøyna - trakt 30-40 m vest på søre del av Landøyna.

Administrasjonen viser til utarbeidd grunnlag av kommunedelplan for Bulandet-Værlandet til 26.05.09, signal gjeve i møte i planforum, eige møte med fylkeskommunen sin kulturavdeling og vurdering av tilbakemelding frå fylkesmannen.

Administrasjonen meiner at planframlegget oppfyller krav til planarbeidet og at drøftingsutkast til møte 26.05.09 vert lagt ut til offentleg ettersyn jf. Plan- og bygningslova § 20-5 utan endringar.

Planen skal leggst ut i 6 veker i samsvar med vedteke planprogram K 70/08.

Sidan vedtak kjem i veke 27 rett før fellesferie, vert det lagt føring for at planen vil bli lagt ut til offentleg ettersyn fram til og med veke 37 (dvs. til 14.09.09).